



Medlemmane i fylkestinget

Dato  
LEIKANGER, 10.10.2017

## **Innkalling til felles fylkestingsmøte for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar**

Stortinget vedtok 8. juni 2017 samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar fra 01.01.2020.

I samsvar med inndelingslova § 25, har kommunal- og moderniseringsdepartementet kalla inn til felles fylkestingsmøte

**Fredag 27. oktober 2017, kl 11.15 på Dalsøyra skule**

I samsvar med dette, og i medhald av Kommunelova, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget.

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner at du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføraren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til: [svein.hagard@sfj.no](mailto:svein.hagard@sfj.no), med kopi til [marit.silje.husabo@sfj.no](mailto:marit.silje.husabo@sfj.no). Søknaden må vere grunngjeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføraren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert refunderte med utgangspunkt i frammøte fredag 27. oktober 2017.

**For reisande som kjem med båt frå Sogn og Nordfjord, vil det stå ein buss i Sollibotn. Medlemmane i fylkestinget, leiargruppa til fylkesrådmannen og andre spesielt inviterte gjester har bussen til disposisjon heile dagen. Eg oppmodar også reisande som kjem med privatbilar om å parkere bilen i Sollibotn og følgje bussen vidare.**

Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn du i «Arbeidsvilkår for folkevalde» på heimesida til fylkeskommunen, [www.sfj.no](http://www.sfj.no) – Politikk > For politikarar > Reglement og rutinar. Kap. 6 lyder:

*Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og oppholdsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa rekna som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingsmedlemer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise.*

Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg til sakane som skal handsamast vert sende elektronisk i OneNote. I tillegg vert dei publisert på heimesida - [www.sfj.no](http://www.sfj.no).

Med helsing

Jenny Følling  
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Innkalling til felles fylkestingsmøte for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar frå KMD